


**Aukra sokn**

Skogvegen 1a  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540



Aukra kyrkjekontor 04.04.2018

**Referat frå møte i Aukra kyrkjelege fellesråd/Sokneråd**

Møtedato: 03.04.2018  
Møtetid: kl. 19.10  
Møtestad: Kyrkjelydshuset

**Tilstade:**

Svein Løwe, Mette Myrseth Oterhals, Gro Merete Hoksnes, Inga Sølvi Korsvik Melby, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Audhild Mork og Kristian Finn Risung.

**Meldt forfall:**

Ingunn Hjelmås, Anja Helen Otterlei.

**Permisjon:**

Inger Kristine Kjellnes

**Opningsord:**

Jan Magne Breivik

**Referat****F/S-Sak 12/18 Godkjenning av referat frå møte i Fellesråd/Sokneråd 27. februar**

Referatet frå møte i Fellesrådet/Soknerådet 27. februar vart samrøystes godkjend.

**F/S- Sak 13/18 Godkjenning av innkalling til møte 3. april**

Godkjenning av innkallinga vart gjort med ein merknad og ein sak til eventuelt.

Merknad: Sak 012/18 om Registrering i Brønnøysundregisteret, kostnad for annonser og budsjett for 2018 for Kyrkjebladet skal avgjerast av soknerådet i Sandøy, som er styre for Kyrkjebladet.

Sak til eventuelt: Leiar i Fellesrådet/Soknerådet ønskjer å drøfte ei personalsak med Fellesrådet/Soknerådet før møte med KA og arbeidstakar 11. april. Saka fekk eiga sak på sakskartet.

## **F- Sak 14/18 Årsrekneskap for Aukra sokn 2017**

### **Samrøystes vedtak**

Aukra kyrkjelege fellesråd godkjenner årsrekneskapen for 2017. Avklaringar om detaljane i rekneskapen kring reduksjon av meirforbruk frå 2016 og disponering av mindreforbruk frå 2017 blir avklart i møte torsdag 5. april når alle detaljane er avklart.

## **F/S- Sak 15/18 Årsmelding**

### **Samrøystes vedtak**

Aukra kyrkjelege fellesråd/Sokneråd godkjenner årsmeldinga for 2017 med følgjande endringar.

Det bør vere med eit avsnitt om Gudstenesteutvalet og Utval for Kyrkjemusikk i årsmeldinga, samt meir informasjon om den økonomiske situasjonen i soknet i 2017. Det må og vere med litt meir informasjon om aktivitetane som er i Kyrkjelydshuset, og meir om deltakinga og oppslutninga kring trusopplæringsaktivitetane. Aud Løwe er og ført opp som kyrkjevert to gonger.

Årsmøte for Aukra sokn skal vere den 27. mai, etter gudstenesten. Årsmelding og årsrekneskap blir å finne i kyrkja og på heimesidene til soknet for gjennomlesing frå og med 22. april.

## **F- Sak 16/18 Plissègardin**

### **Samrøystes vedtak**

Aukra kyrkjelege fellesråd godkjenner innkjøp av plissègardinar frå Fasadeprodukter til kr. 14181,00 inkl. moms. frå budsjettpost 200 i rame 4000 Kyrkjelydshus for å kunne dele av salen og kontoravdelinga visuelt til minnesamvær og arrangement i arbeidstida, med atterhald. Kjøleskap til kjøkkenet må kjøpast inn først, jamfør F-sak 21/18, og det må vere midlar innanfor budsjettet til å omplassere til midlar budsjettpost 200 for å kunne kjøpe inn plissègardinane utan at det går ut over nødvendige utgifter og investeringar.

## **F- Sak 17/18 Informasjon om prosjektarbeid i Aukra kyrkje**

Aukra kyrkjelege fellesråd fekk informasjon om restaureringsarbeid i Aukra kyrkje, og kor i prosessen arbeidet med installering av automatisk slukkeanlegg, automatisk ringeanlegg og øvrig renovering av kyrkja.

### **Samrøystes vedtak**

Aukra kyrkjelege fellesråd tek orienteringa til vitande.

## **S- Sak 10/18 Delegert årsmøte i Kyrkjebladet**

Oddmund Varhaugvik fekk ansvaret for å sende førespurnad til næringslivet i Aukra om å vere annonsørar i Kyrkjebladet.

**S-sak 11/18 Misjonsprosjekt**

Aukra sokneråd vel Misjon utan grenser sitt arbeide i Moldova som nytt misjonsprosjekt for kyrkjelyden i Aukra, med 5 mot 3 stemmer.

**F/S-sak 18/19 Planleggingsdag for Sokneråd og Stab**

Planleggingsdag/Inspirasjonsdag for Sokneråd og Stab er torsdag 5. april, frå 17.00 til 20.30.

**F-sak 18/18 Personalsak**

Saka er unnateke offentlegheita etter §23 1.ledd jf. Fvl. §13, 1.ledd nr.1